

SANDØY KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

10.09.2013

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SANDØY KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

torsdag 26.09.2013 kl. 14.30 på Sandøy Rådhus

SAKLISTE:

- Sak 08/13 - Godkjenning av møtebok frå møte 22. april 2013
- « 09/13 - Vedkomande budsjett 2014 – Sandøy kontrollutval
- « 10/13 - Den økonomiske situasjonen basert på 1. tertialrapport 2013
- « 11/13 - Plan for forvaltningsrevisjon
- « 12/13 - Kulturskolen – orienteringssak, B-sak (Dokument vil måtte ettersendast)
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Helge Ervik
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SANDØY KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 22. april 2013, kl. 14.30
Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av Helge Ervik

Elles til stades:

Anne Iversen, Ann Helen Harnes, 1. varamedlem Odd Arve Orten og 2. varamedlem Terje Slåtten

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møte:
Dagleg leiar, Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte:
Dagleg leiar, Kjetil Bjørnsen

Frå Sandøy kommune møte:
Rådmann Lasse Larsson Fjørtoft og rådgjevar Atle Morsund

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**SAK 04/13
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 5. MARS 2013**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 5. mars 2013 blir godkjent.

**SAK 05/13
KULTURSKULEN - RÅDMANNENS VURDERINGAR, B-SAK**

**SAK 06/13
ÅRSMELDING 2012 – SANDØY KOMMUNE**

Saksdokument datert 17.04.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak (3 av 3 røysteføre):

Kontrollutvalet tek årsmelding 2012 for Sandøy kommune til orientering.

SAK 07/13

KOMMUNEREKNESKAPEN 2012 – SANDØY KOMMUNE

Saksdokument datert 17.04.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale (3 av 3 røysteføre):

1. Sandøy kommune sin rekneskap for 2012 blir godkjent.
2. Innan enkelte ansvarsområde ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47.

Helge Ervik
leiar
(sign.)

Anne Iversen
nestleiar
(sign.)

Ann Helen Harnes
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sandøy kommune

Dato: 10.09.2013

**SAK 09/13
VEDKOMANDE BUDSJETT 2014 - SANDØY KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Sandøy kontrollutval sine lokale utgifter. Disse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggst i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde. Disse utgiftene bygg på satsar vedtekne i Sandøy kommune. Dette budsjettoppsettet vil dermed omfatte kurs, opplæringsutgifter og reiseutgifter.

Kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Budsjettet for kontrollutvalet si opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 30.000 kroner.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sandøy kommune

Dato: 10.09.2013

**SAK 10/13
DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN BASERT PÅ 1. TERTIALRAPPORT 2013**

Som vedlegg følger:

- Terialrapport 1. tertial 2013

Av budsjettforskriftene § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjettrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Sandøy kommunestyre har i møte 12.06.2013 teke rapporten til vitande.

Rådmannen er invitert til å orientere om den økonomiske situasjonen basert på 1. tertialrapport 2013 og om mulig for 2. tertial.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sandøy kommune

Dato: 10.09.2013

**SAK 11/13
PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON – SANDØY KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Plan for forvaltningsrevisjon – Sandøy kommune

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon § 7 første ledd definert som systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader, herunder om:

- a) Ressursar blir brukt til å løyse oppgåver i samsvar med vedtak og føresetnader
- b) Ressursbruk og verkemiddel er effektive i forhold til måla som er sett
- c) Regelverket blir etterlevd
- d) Styringsverktøy og verkemiddel er tenlege
- e) Grunnlaget for vedtak i politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav
- f) Resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med føresetnadane og om resultata er nådd

Forvaltningsrevisjon er med andre ord meint å vere ein reiskap for det øvste politiske organet i samband med å føre tilsyn og kontroll med forvaltninga og dei resultata som blir oppnådd.

Avleia seier desse punkta noko om kva forvaltningsrevisjon bør halde fokus mot. Fokuset bør vere å sikre tenlege styringssystem som igjen sikrar ei målretta og kostnadseffektiv drift. Det sentrale ved forvaltningsrevisjon, er vurderingar om resultata er i tråd med vedtak og føresetnader. I denne forstand er den resultatorientert, og ikkje avgrensa til undersøkingar av økonomi. Ein slik forvaltningsrevisjon er i stor grad ei evalueringa av kommunen si administrative leining med vektlegging av tema som organisasjonen sitt kontrollmiljø, risikovurderingar, interne kontrollaktivitetar og tilsyn med desse.

I samanheng med dei siste endringane i kommunelova knytt til internt tilsyn og kontroll, §§ 74-81, vart det laga nye forskrifter til § 77 (kontrollutval) og § 78 (revisjon).

I forskrift om kontrollutval § 10 første ledd vart kontrollutvalet pålagt å lage ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. Andre setning første ledd krev at kommunestyret sjølv vedtek denne planen, medan kontrollutvalet kan gjere endringar i planperioden etter delegering.

Andre ledd krev at kommunen identifiserar behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike kommunale verksemdene med utgangspunkt i ei *overordna analyse* basert på *risiko- og vesentlighetsvurderingar*.

Planverket skal vere basert på ei overordna analyse med det føremål å skaffe fram relevant og nødvendig informasjon slik at kontrollutvalet kan legge ein plan over kva for teneste- og temaområde som har behov for ein systematisk gjennomgang. I lovforarbeidet vart det sagt at analysen skal vere overordna og heilskapleg, samt gjennomført på kort tid med ein beskjeden ressursinnsats. Analysen er sett på som internt arbeidspapir som kan haldast unna offentlegheit.

I kraft av å ha det overordna tilsynsansvar i kommunen, kan kommunestyret gi instruksar om igangsetting av prosjekt. I mangel av slike avgjer kontrollutvalet sjølv områda som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kravet om at kommunestyret sjølv skal vedta innhald og omfang av forvaltningsrevisjon er knytt til ein intensjon om at kommunestyret bør ha ei aktiv og bestemmande rolle. Det at kommunestyret har ein rett til å gi detaljerte instruksar er likevel ikkje det same som ei plikt. Om kommunestyret legg opp til ein omfattande bruk av instruksar bryt ein med intensjonen bak det å opprette eit utval der forvaltningsrevisjon er ei viktig arbeidsoppgåve.

Oppgåvene til kontrollutvalet med forvaltningsrevisjon følgjer av kapittel 5 i forskrift om kontrollutval, §§ 9-12. I § 9 er det presisert at:

"Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel."

Kjerneoppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er:

- Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, § 10.
- Rapportar om forvaltningsrevisjon, § 11.
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar, § 12.

Den type av revisjonstenester som forvaltningsrevisjon sorterer under, har både nasjonalt og internasjonalt endra seg mykje dei siste åra. Eit risikobasert utgangspunkt for val av prosjekt er ei tilnærming som sikrar god og nyttig revisjon. Av den grunn stiller forskrifta krav om val av prosjekt basert på *risiko- og vesentlighetsvurderingar*.

Plan for forvaltningsrevisjon skal bygge på dei prinsippa som regelverket føreset og det er gjennomført spørreundersøkingar med tanke på å finne dei mest optimale revisjonsområda. Nedanfor er lista opp dei revisjonsområda som vil bli tilrådd prioritert. Det er førespeila 1- 2 forvaltningsrevisjonsprosjekt i planperioden. I planen er lista opp to prioriterte revisjonsområde/tema:

Undervisningstenester/spesialundervisning og kvalitet saksutgreiningar/oppfølging av politiske vedtak.

Intern styring og kontroll er også prioritert bra høgt når det gjeld behov for forvaltningsrevisjon. At denne funksjonen er god ivareteke er avgjerande for heile den kommunale verksemda og for at kommunen skal nå sine mål og vere effektiv.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kommunestyret med forslag om slik

Andre ledd krev at kommunen identifiserar behovet for forvaltningsrevisjon i dei ulike kommunale verksemdene med utgangspunkt i ei *overordna analyse* basert på *risiko- og vesentlighetsvurderingar*.

Planverket skal vere basert på ei overordna analyse med det føremål å skaffe fram relevant og nødvendig informasjon slik at kontrollutvalet kan legge ein plan over kva for teneste- og temaområde som har behov for ein systematisk gjennomgang. I lovforarbeidet vart det sagt at analysen skal vere overordna og heilskapleg, samt gjennomført på kort tid med ein beskjeden ressursinnsats. Analysen er sett på som internt arbeidspapir som kan haldast unna offentlegheit.

I kraft av å ha det overordna tilsynsansvar i kommunen, kan kommunestyret gi instruksar om igangsetting av prosjekt. I mangel av slike avgjer kontrollutvalet sjølv områda som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kravet om at kommunestyret sjølv skal vedta innhald og omfang av forvaltningsrevisjon er knytt til ein intensjon om at kommunestyret bør ha ei aktiv og bestemmande rolle. Det at kommunestyret har ein rett til å gi detaljerte instruksar er likevel ikkje det same som ei plikt. Om kommunestyret legg opp til ein omfattande bruk av instruksar bryt ein med intensjonen bak det å opprette eit utval der forvaltningsrevisjon er ei viktig arbeidsoppgåve.

Oppgåvene til kontrollutvalet med forvaltningsrevisjon følgjer av kapittel 5 i forskrift om kontrollutval, §§ 9-12. I § 9 er det presisert at:

”Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med bestemmelsene i dette kapittel.”

Kjerneoppgåvene til kontrollutvalet i samband med forvaltningsrevisjon er:

- Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, § 10.
- Rapportar om forvaltningsrevisjon, § 11.
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar, § 12.

Den type av revisjonstenester som forvaltningsrevisjon sorterar under, har både nasjonalt og internasjonalt endra seg mykje dei siste åra. Eit risikobasert utgangspunkt for val av prosjekt er ei tilnærming som sikrar god og nyttig revisjon. Av den grunn stiller forskrifta krav om val av prosjekt basert på *risiko- og vesentlighetsvurderingar*.

Plan for forvaltningsrevisjon skal bygge på dei prinsippa som regelverket føreset og det er gjennomført spørreundersøkingar med tanke på å finne dei mest optimale revisjonsområda. Nedanfor er lista opp dei revisjonsområda som vil bli tilrådd prioritert. Det er førespeila 1- 2 forvaltningsrevisjonsprosjekt i planperioden. I planen er lista opp to prioriterte revisjonsområde/tema:

Undervisningstenester/spesialundervisning og kvalitet saksutgreiingar/oppfølging av politiske vedtak.

Intern styring og kontroll er også prioritert bra høgt når det gjeld behov for forvaltningsrevisjon. At denne funksjonen er god ivareteke er avgjerande for heile den kommunale verksemda og for at kommunen skal nå sine mål og vere effektiv.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kommunestyret med forslag om slik

innstilling :


I prioritert rekkjefølgje av 1 til 2 forvaltningsrevisjonar, er det gjort slik rangering:

1. Undervisning/spesialundervisning
2. Kvalitet saksutgreiingar/oppfølging av politiske vedtak
3. Intern styring og kontroll

Kontrollutvalet får delegert mynde til å vedta eit meir spesifisert prosjektinnhald innanfor dei tema som kommunestyret gjer vedtak om.

Harald Rogne
dagleg leiar


Status per 30.04. 2013



TERTIALRAPPORT

FØRSTE TERTIAL 2013

- * Sentraladministrasjonen
 - * Undervisningstenester
- * Barnehagetenester
 - * NAV/Sosiale tenester
- * Helse- og omsorgstenester
 - * Kulturelle tjenester
- * Tekniske tenester



Sandøy kommune

TERTIALRAPPORT

Første tertial 2013



SENTRALADMINISTRASJONEN

TABELL FOR DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN DRIFTSBUDSJETTET – SENTRALADMINISTRASJONEN

Status pr. 30.04.2012

Alle tall i 1000 kroner						
Ansvare	Tertialrapport 1. tertial					
	Namn	Utgift	Inntekt	Netto utgift	Netto utgift	Netto
		2013	2013	1. tertial 2013	1. tertial 2012	Årsb. 2013
100	Kom.styre/form.skap	641,1	8,8	632,3	607,2	1 415,0
101	Partistøtte	40,0	0,0	40,0	40,0	40,0
102	Val	5,0	0,7	4,3	0,0	47,6
110	Revisjon	228,0	0,0	228,0	202,5	420,0
120	Rådmannskontoret	661,2	1,9	659,3	632,5	1 844,5
125	Økonomikontoret	564,6	24,3	540,4	514,5	1 511,5
135	Finansforv.	22,1	9,3	12,8	11,1	-2,0
137	Servicetorget	661,1	26,2	634,9	541,1	1 450,0
140	Næringsfond	257,5	257,5	0,0	0,0	0,0
143	Kom. næringsstøtte	360,0	200,0	160,0	150,0	165,0
146	Kyrkjelege formål	963,5	0,0	963,5	964,2	1 730,0
150	Legetenester	1 244,2	444,6	800,0	1 004,7	1 707,0
151	Legevakt	113,4	0,6	112,8	299,7	918,0
152	Miljøretta helsevern	21,5	0,0	21,5	10,7	30,0
153	Samhandlingsreforma	585,0	0,0	585,0	638,3	717,0
170	Internadministrasjon	553,3	21,2	532,1	560,9	1 280,0
175	EDB - fellesteneste	1 127,7	202,0	925,7	839,3	2 035,4
181	Eldreråd	5,5	0,0	5,5	12,6	16,0
182	Overformynderiet	16,1	1,2	14,9	16,9	20,0
183	Rådet for LAF	3,5	0,0	3,5	0,0	10,5
184	Politi	0,5	0,1	0,4	0,4	1,5
185	Viltmemnda	10,1	0,5	5,1	8,8	8,4
186	Kontrollutvalet	55,8	0,3	55,5	34,8	106,0
190	Tilfeldige utgifter	142,6	27,6	115,1	50,0	150,0
191	Tilleggsøyving	0,0	0,0	0,0	0,0	30,0
	Sum totalt	8 283,3	1 226,8	7 052,6	7 140,2	15 651,4

REGISTRERTE OG FORVENTA AVVIK

STATUS OG PROGNOSE FOR ØKONOMI OG TENESTEPRODUKSJON

Ramme 1 ※ Sentraladministrasjon og fellesutgifter

Generell kommentar

Generelt for Rammeområde 1 kan ein totalt vise til ein viss ubalanse mellom forbruk og budsjetterte rammer så langt i år. Og ved ei matematisk framskriving av netto utgift, kan det synest som om enkelte ansvarsområde ligg an til eit visst overforbruk.

Dette kan årsaksforklarast med at større planlagde aktivitetskostnader er blitt gjennomført tidleg på året, eller ved etterslep av inntekter. Meir detaljerte kommentarar om dette forholdet vil bli gitt nedanfor.

Av di rapporteringa er i hovudsak er status- og avviksbasert, vert område som følgjer ei harmonisk utvikling med omsyn til både handlingsplanen si aktivitetsbeskriving og løyvde midlar, ikkje gitt unødvendig spalteplass.

Ansvar 100 ※ Kommunestyre og formannskap

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Den politiske aktiviteten har vore på eit noko høgare nivå enn handlingsplanen tok høgde for, mellom anna arbeidsseminar med kommuneplanen og Prosjekt SparePlan.
- Framdriftstempoet med omsyn til arbeidet kommuneplanen – arealdelen – har ikkje makta å halde tritt med ambisjonen, så tidshorizonten må sannsynlegvis utvidast til hausthalvåret.
- SKUP-prosjektet har ikkje hatt den ønska framdrifta

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Ei matematisk framskriving av perioderekneskapen viser eit noko større forbruk utover den totale ramma. Overforbruket finn ein mellom anna på møtegodtgjersle og enkelte driftsområdet for ordføraren.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- Den politiske aktiviteten kan vere uføresett. Til dømes sentralt iverksette saker med tungt lokalt nedslagsfelt kan brått krevje hyppig reiseverksemd, fleire politiske møter, ad hoc-tiltak osv.

Ansvar 101 ※ Støtte politiske parti

Generell kommentar

- Den økonomiske støtta til politiske parti som er representerte i kommunestyret har blitt fordelt i løpet av første tertial, og held seg innanfor tildelt ramme.

Ansvar 102 ※ Storingsval/kommuneval

Generell kommentar

- Så langt i år handlar aktiviteten på området kursdeltaking. Først når gjennomføringa av stortingsvalet er unnagjort, vil vi få den meir eksakte oversikta over forholdet mellom aktivitet og økonomi.

Ansvar 110 ※ Revisjonen

Generell kommentar

- Ved framskrivning av periodeprisen på dette tenestekjøpet, ligg det an til eit overforbruk på kr. 30.000.-. Årsaka er at revisjonen sitt årsbudsjett kom kommunen såpass seint i hende, at prisauken ikkje vart fanga opp før budsjetthandsaminga.

Ansvar 120 ※ Rådmannskontoret

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Aktivitet og disponibel ramme synest å vere i balanse.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Under normale omstende vil ramme og forbruk gå i balanse. Først ved rekneskapsavslutninga 2013 vil ei inntekt på om lag kr. 60.000.- bli registrert. Summen dekkjer kostnadene ved å administrere næringsfondet.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- Enkelte tiltak nedfelt i handlingsplanen, som vert direkte leia eller overordna ført tilsyn med frå rådmannskontoret, er ein ikkje heilt i rute, slik periodeseringa for tiltaka er sett opp:
 - Program for lokalbasert yrkesrettleing – eit planprosjekt i samarbeid mellom næringsliv og skule/barnehage
 - Implementeringsprosessen av Plan for datatryggleik i Sandøy kommune er i gang, men må korrigerast.
 - Implementeringsarbeidet med omsyn til Handlingsplan for kvalitetsstrategi har ei noko ujamn framdrift i organisasjonen.
 - Framdriftsplanen for kommuneplanen sin arealdel viser seg å vere for ambisiøs (ferdigstilling og politiske vedtak i løpet av juni 2013)
Det har vore ei utfordring å legge til rette for den kontinuerlege arbeidsmetoden, av di innleigd plankompetanse kombinerer oppdraget med ein aktiv pensjonisttilvære. Vi må skunde oss noko langsamare og ta hausten til hjelp for ferdigstilling.
 - Prosjekt SparePlan, med mål å redusere driftskostnadene med eit knippe millionar, har kome til som sitt relativt omfattande tidsbehov. Å utarbeide ein konkret tiltaksplan med tilhøyrande konsekvensanalysar, sortert i ein fornuftig logistikk/gjennomføring dei neste tre-fire åra, er eit omfattande arbeid. Det vil ikkje vere forsvarleg å legge fram eit slikt dokument til politisk behandling i juni.
 - eKommune Sunnmøre er enno ikkje over i driftsfasen. Det er eit omfattande samordningsarbeid når alle 8 deltakarkommunane skal flytte installasjonane over i

Fellespunktet (FP) i Ålesund. Så langt er det ikkje gripe godt nok fatt i denne koordineringa, trass i fleire oppfordringar frå Sandøy kommune.

- "Vi viser veg", skiltprosjektet som skal informere om kvar og kven om kommunale bygningar, vil, litt på overtid, vere ferdigstilt i løpet av tidleg haust.
- Verdikommune Sandøy, eit omfattande haldningsskapande prosjekt som rettar seg inn mot internkontroll, det kontinuerlege HMS-arbeidet, arbeidsmiljø og trivsel, har ikkje fått det samlande strategiske omfanget.

Men arbeidet med dei etiske retningslinene ser no ut til å kome i mål.

- Rulleringa av Plan for lokal lønnsdanning og lønnsvurdering vil bli gjennomført som planlagd, med politisk behandling medio juni.

Etterjuls vinteren har vore prega av rimeleg stort arbeidspress grunna uføresette saker, saker som følgjeleg ikkje var innarbeidd i handlingsplanar.

Etter kvart som sommaren, som årstid nærmar seg, vert det vonleg litt meir tid og rom til å kome å jour i høve dei meir planlagde tiltaka sin tidsakse.

Ansvar 125 ※ Økonomikontoret

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- I tråd med handlingsplanen

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Avvik på inntektssida har si årsak i internsal av tenester som vert rekneskapsført først mot slutten av driftsåret. Perioderekneskapan viser at lønnskostnadene er i samsvar med det budsjetterte.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- Etter at ÅRU initierte eit interkommunalt samarbeid innan skatteinnfordringa, har Nordre Sunnmøre kemnerkontor vore operativt frå 1. oktober 2009, med kemneren i Ålesund kommune som dagleg leiar. Dette har frigjort kapasitet ved vårt eige økonomikontor, som også er ei forklarande årsak til at noverande personalressurs er romsleg nok.
- Økonomikontoret er identisk med eigedomsskattekontoret og visa versa, og har utført oppgåvene i tråd med oppdraget.
- Økonomisjefen har fått innvilga eit års permisjon. I skrivande stund er det ikkje lykkast å tilsette vikar. Men ei god løysing vil kome på plass.

Ansvar 135 ※ Finansforvaltning

Generell kommentar

- Ingen kommentar utover talmaterialet i tabelloppsettet

Ansvar 137 ※ Sørvisorget

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Aktivitet og økonomiske rammer er så langt i år i harmoni.

2) *Prognose for ressursbruk resten av året*

- Det er ingenting som tyder på at budsjettet som er sett opp for denne avdelinga, ikkje vil harmonere med forventta ressursbruk.
- Avvik på inntektssida har si årsak i internsal av tenester som vert rekneskapsført først mot slutten av driftsåret.

3) *Prognose for aktivitet resten av året*

- Sørvistorget sin funksjon og tenesteorganisering, internt og eksternt, vert fortløpande evaluert.
Sørvistorgpersonalet har blitt sterkare involvert i nokre fellesordningar innan data, dette gjeld mellom annan oppdatering av heimesida, elektroniske skjema og webbasert tenestekatalog, samt koordinatoroppgåve i samband med ehandel, regissert av Innkjøpskontoret i Ålesund.

Ansvar 140 ※ Kommunalt næringsfond

Generell kommentar

- Ingen kommentar utover talmaterialet i tabellen. Viser elles til situasjonsbeskrivinga i årsmeldinga.

Ansvar 143 ※ Kommunal næringsstøtte

Generell kommentar

- Ei vesentleg løyving er plassert på dette ansvarsområdet. I tråd med vedvarande politisk vedtak vert selskapet Nye Harøy-Taxi gitt ein driftsstønad på kr. 150.000.- som i prinsippet skal dekke oppdrag og beredskap som kommunen sjølv ikkje dekker innan sitt tenestefelt.
- Årsaka til at brutto utgift og netto inntekt ligg kr. 200 000.- over det budsjetterte, er løyvinga frå næringsfondet til Torghatten i samband med utbetringa av hamnebassenget på Ona.

Ansvar 146 ※ Kyrkjelege føremål

Generell kommentar

- Det er ikkje ein klar terminert praksis med overføring av løyvde midlar til kyrkjelege føremål/Sandøy kyrkjelege fellesråd. Difor vil ein sjå eit visst periodisk økonomisk avvik frå eit år til eit anna.

Ansvar 150 ※ Legetenester

1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*

- Aktiviteten er i tråd med handlingsplanen for verksemda

2) *Prognose for ressursbruk resten av året*

- Ved ei framskriving av perioderekneskapen, synest det som om verksemda går mot eit resultat i balanse. I dette ligg der eit etterslep av inntekter som førebels ikkje er innregistrert.

Utifrå aktiviteten så langt i år, og det prognostiserte anslaget for resten av året, kan det tyde på at inntektssida vert noko større enn budsjettet.

3) *Prognose for aktivitet resten av året*

- I handlingsplan for 2012 var det tatt inn ei problemstilling om personalsituasjonen ved legekontoret. Det omhandla departementale signal om avvikling av gjeldande turnuslegeordning. Som kompenserande tiltak skulle ein vurdere mulegheitene for å opprette ei kommunelege 2-stilling. Det er no stadfesta at turnuslegeordninga vert bortimot uendra og Sandøy kommune vil framleis bli og er vertsskap for legelærlingar.
- Utfordringa med eit operativt meldingsløft og helsenett som kan samhandle elektronisk mellom kommunar og helseføretak, kommunar og kommunar, kommune internt, er godt i gang.
- Av ulike årsaker har ikkje kommuneoverlegen vore så delaktig i den rådmannsoppnemnde samhandlingsgruppa, med oppdrag å utvikle intern samhandling, slik reforma krev.

Ansvar 151 * Legevakt

Generell kommentar

- Legevaksamarbeidet mellom kommunane Sandøy, Aukra og Midsund fungerer etter både oppdrag og intensjonen, og må vel seiast å vere ei bortimot optimal ordning.
- Øyvon er eit sentralt element i legevaksamarbeidet. Først no, i løpet av våren 2013 og etter 5 år anbodshistorikk, synest det som om det lykkast Helseføretaket å få gjennomført ein anbodsprosess som vil gi Øyvon AS tilslag og dermed ein formell driftsavtale.
- Rekneskapsmessig er perioderesultatet i balanse med budsjettløyvinga.

Ansvar 152 * Miljøretta helsevern

Generell kommentar

- Sandøy kommune har tilsynsavtale med Kystlab AS, og betaler per oppdrag.
- Kommunelegen sit som styremedlem i selskapet.

Ansvar 153 * Samhandlingsreforma

Generell kommentar

- I 2012 vart dette eit nyoppretta ansvarsområdet i budsjettet, basert på eit svært uoversiktleg og ditto uføresett økonomisk forhold mellom kommune og Helseføretaket.
- Som rådmannen har informert om tidlegare, skriftleg og munnleg, er det to kommunale finansieringsordningar samhandlingsreforma har pålagt kommunen:
a) dagmulkt på kr. 4000.- ved overskriding av liggetid ved sjukehus. Denne "straffeordninga" har kommunen til ein viss grad styring med ved å ta hand om utskrivingsklare pasientar lokalt.

- b) kommunal medfinansiering av spesialisthelsetenesta, ei ordning som baserer seg på ein stipulert behandlingsskostnad av såkalla diagnoselaterte grupper (DRG). Sandøy kommune har så langt i år betalt månadleg eit a kontobeløp på om lag kr. 117.000.- som igjen skal avreknast i forhold til faktisk bruk. Å budsjettere med grunnlag i ei befolkning sitt sjukdomsforløp (DRG) er ei umuleg oppgåve, og som informert om er det heller ikkje gjort fullt ut – sannsynlegvis. For å kunne estimere ein kostnad, treng ein erfaringstal, noko som ikkje finst eit godt nok grunnlag til førebels. Eit anna forhold som gjer ordninga særleg utfordrande, er at helseføretaket åleine sit på informasjonen om behandlingsskostnaden på dei ulike diagnosane, kva type behandling som krevst, osv. Det er umuleg for kommunen å kvalitetssikre eller føre kontroll med dette systemet. Så – korleis det totale kostnadsbiletet vil sjå ut i løpet av 2013, veit vi lite eller ingenting om, før den endelege avrekninga for bruken av spesialisthelsetenesta i 2013 ligg føre. Dersom kostnaden vert liggande på dette nivået året igjennom, er området underbudsjettet med om lag kr. 500 000.-. Kostnadsbiletet for dette budsjettområdet må også sjåast i samanheng med Legetenester og Helse- og omsorgstenester.

Ansvar 170 ※ Internadministrasjonen

Generell kommentar

- Ansvarsområde har eit relativt omfattande aktivitetsmangfald i seg, lønn ferievikarar, møtegodtgjersle Arbeidsmiljøutvalet og Ungdommens kommunestyre, velferdstiltak, kostnad til bedriftshelsetenesta, annonsering, forsikringar, juridisk bistand, kontingentar og lisensar m.m. Ei såpass samansett løyving kan difor vere særleg sårbar for avvik. Tradisjonelt har dette ansvarsområdet hatt ein trasig tendens til å gå "over sine bredder".
- Ei framskriving av tertialforbruket for resten av driftsåret gir kvalifisert håp om balanse mellom budsjett og rekneskap.
- Ei inntekt på om lag kr. 15.000.- vil bli inntektsført først i samband med rekneskapsavslutninga.

Ansvar 175 ※ EDB – fellestenester

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

Slik er statusen for dei mest sentrale tiltaka i handlingsplanen:

- Responstida ved innmelde avvik har blitt betydeleg redusert
- Operasjonaliseringa av FEIDE vil kome på plass i løpet av seinhausten 2013
- Operasjonaliseringa av elektroniske søknadsskjema er under stadig utvikling
- Innføring av elektronisk inn- og utfakturering er under stadig utvikling
- Vidareutviklinga av ordninga med eOrder pågår i samarbeid med innkjøpskontoret i Ålesund
- Overgangen frå prosjektfase til drift med omsyn til eKommune Sunnmøre, er ikkje fullt ut på plass.
- Tidspunktet for installering av og opplæring i nytt saks-arkivsystem (ACOS), må samordnast og tilpassast etableringa av eKommune Sunnmøre sin sørverpark (Fellespunktet)

2) *Prognose for ressursbruk resten av året*

- Perioderesultatet, slik det ligg føre, synest relativt sunt og i tråd med rammene. Problemet er at ein har med å gjere ein relativt uføresett kostnad, drift data. Ei budsjettetert inntekt på kr. 350 000.- vil bli registrert først ved rekneskapsavslutninga for 2013.

3) *Prognose for aktivitet resten av året*

- Sandøy kommune med i prosjektet eKommune Sunnmøre som er i ferd med å utvikle ein plattform for framtidig interkommunalt samarbeid innan IKT på ulike fagområde. Det har medført, og vil medføre investeringar både lokalt, men og i ein felles sørverpark, også kalla fellespunktet, lokalisert til Ålesund.
- Med omsyn til behovet for å opprette ei meir reindyrka, dedikert IT-stilling i kommunen, må vi avvente til vi har oversikt over kva eKommuneprosjektet kan dekke av datafagleg støtte og beredskap. Dette er avgjerande med omsyn til spørsmålet om kva lokal datakompetanse vi vil få bruk for. Så inntil vidare vil kommunen sin tenesteavtalen med Lan-x bli vidareført.
- I løpet av første halvdel av 2013 får vi, gjennom eKommune-organisasjonen, tilgang på FEIDE –kompetansen (departementalt initier prosjekt som står for Felles Elektronisk IDEntitet) som skal sørge for operasjonalisering.
- Ein handlingsplan for datatryggleik er ferdigstilt. Sjelve forankringsarbeidet vil bli intensivert i løpet av året.

Ansvar 181 * Eldres Råd

Generell kommentar

- Så langt i år har Eldres råd ikkje vore samla
I løpet av fjoråret gjennomførte rådet egne diskusjonar om funksjon og arbeidsform, eit tema som sannsynlegvis vil kome på dagsordenen også i år.

Ansvar 182 * Overformynderi

Generell kommentar

- Som meldt om i tidlegare rapportering har rådmannen i samråd med politisk system auka opp tidsressursen til leiaren i overformynderiet. På grunn av stadig større press og pågang på denne tenesta, viste det seg nødvendig å strukturere vervet med fast tid for tilgjenge og arbeid.
Driftsutgiftene så langt er i tråd med det kalkulerte.
Den nye vergemålslova/reforma er vedteken, men og vil tre i kraft 1.7.2013, slik intensjonen var. Reforma medfører ei omfattande omorgansering av ordninga, mellom anna vil dette forvaltningsansvaret bli flytta frå kommune til fylkesmannen.

Ansvar 183 * Rådet for likestilling av funksjonshemma

Generell kommentar

- Så langt i år har ikkje rådet vore samla. I løpet av fjoråret gjennomførte rådet diskusjonar om utvalet sin funksjon og arbeidspraksis. Dette temaet vil sannsynlegvis kome på dagsordenen igjen i løpet av året.

Ansvar 184 * Politi og rettspleie

Generell kommentar

- Ingen kommentar utover talmaterialet i tabellen

Ansvar 185 * Viltnemnda

Generell kommentar

- Frå medio 2007 vart det avklart at Sandøy kommune kjøper jordbruksfagleg teneste hos naboen, Haram kommune, noko som også omfattar dette forvaltningsområdet. Pengar nytta til nemnda si drift så langt ut i året, harmonerer med periodebudsjettet.
- Nemnda har så langt i år hatt eit møte og handsama ei sak.

Ansvar 186 * Kontrollutvalet

Generell kommentar

- Etter at kontrollutvalfunksjonen vart formelt og juridisk skilt ut frå revisjonsforvaltninga, med oppretting av ein sjølvstendig, uavhengig sekretærfunksjon, var det på sin plass å synleggjere aktiviteten også budsjettmessig.
- I perioden har utvalet hatt eit møte og handsama 7 saker.
- Ei framskriving av økonomien kan tyde på eit overforbruk på kr. 15.000.-

Ansvar 190 * Tilfeldige utgifter formannskapet

Generell kommentar

- Dette området har eit periodisk større forbruk enn tidlegare år. Årsaka er at den politisk vedtekne kostnadsramma med omsyn til rekruttering av ny rådmann er utgiftsført på dette ansvaret. Med grunnlag i den vedtekne rammeløyvinga på kr. 150.000.- vil det bli lite til andre "Tilfeldige utgifter formannskapet" i løpet av dei neste to 2013-tertialane.

Ansvar 191 * Tilleggsøyvingar kommunestyret

Generell kommentar

- Ingen kommentar utover talmaterialet i tabellen

Ramme 9 * SKATT, RAMMETILSKOT M.M.

- Det er statsbudsjettet og revidert nasjonalbudsjett som fortel kva slags økonomiske rammer kommune-Noreg har å forhalde seg til. Det er å håpe at dei prognostiserte inntektsberekningane ikkje vil by på større avvik.

Ramme 9 ※ RENTER, AVDRAG M.M.

- Etter eit 2011 med ein relativ kraftig reduksjon av styringsrenta på 0,5 % på tampen av året, spådde analytikarane ein ytterlegare reduksjon i løpet av 2012. Spådomen vart fullbyrda, så i mars meldte sentralbanksjefen om ei ny nedjustering på 0,25 %. Dette nivået, 1,5 %, har halde seg uendra så langt inn i 2013.

Styringsrenta har førebels ikkje hatt den store innverknaden på låneporteføljen med flytande renteavtale. For fastrentelåna har justeringa ikkje nokon effekt på kapitalkostnadene.

Det vart budsjettert med eit litt høgare rentenivå enn det som synest å bli realiteten for 2013, og kan føre til eit visst positivt avvik dersom sentralbanksjefen ikkje foretar seg nye, heftige rentebyks – noko som i skrivande stund synest lite reelt. Tvert imot spår enkelte analytikarar ein reduksjon av styringsrenta i nær framtid, særleg grunna den europeiske økonomien.

I eit lengre perspektiv, fram mot 2016, flørtar spådomane derimot med 3 %-talet. Ei slik utvikling vil slå merkbart inn på kommunen sine kapitalkostnader.

PERIODISK UTVIKLING I LÅNEPORTEFØLJEN

Første tertial 2013

Selskap	Restgjeld 1. januar	Restgjeld 1. mai	Produkt	Rente	Innløysing
Kommunalbanken	1 320 000	1 254 000	Fast rente	4,620	01.11.22
Kommunalbanken	2 061 400	2 061 400	Flytande rente	2,250	05.12.23
Kommunalbanken	755 070	671 160	3 mnd Nibor	2,100	15.03.17
Kommunalbanken	5 720 000	5 500 000	Flytande rente	2,250	07.07.25
Kommunalbanken	3 024 700	2 873 460	Flytande rente	2,250	21.11.22
Kommunalbanken	22 039 450	21 710 500	Fast rente	2,830	02.05.46
Kommunalbanken	23 564 610	23 212 900	3 mnd Nibor	1,790	02.05.46
Kommunalbanken	14 744 220	14 533 590	Flytande rente	2,380	24.09.47
Kommunalbanken	21 290 980	20 108 140	Flytande rente	2,500	17.12.29
Kommunalbanken	5 968 440	5 885 550	Fast rente	3,770	01.10.48
Kommunalbanken	3 412 500	3 368 750	Fast rente	3,460	29.09.51
Kommunalbanken	10 000 000	9 833 330	Fast rente	2,990	15.09.42
Kommunalbanken	25 000 000	25 000 000	Flytande rente	2,250	07.02.50
Totalt	138 901 370	136 012 780			

KAPITALFONDET

Status avkastning første tertial 2013 (per 6. mai)

Verdiutvikling	Pareto Aktiv	Pareto Høgrente	Sparebank 1	Storebrand	Endring
Inngangsverdi	16 346 881,00	31 960 079,00	38 720 907,17	360 493,66	87 388 360,81
Januar	1 133 616,00	145 877,00	120 000,00		1 399 493,00
Februar	564 683,00	92 276,00	120 000,00		776 959,00
Mars	- 380 602,00	129 606,00	120 000,00		- 130 996,00
April	400 999,00	208 907,00	120 000,00		729 906,00
Gevinst/tap	1 718 695,00	576 746,00	480 000,00		2 775 441,00
Ny verdi	18 065 576,00	32 536 825,00	39 200 907,15	360 493,66	90 163 801,81

2011 vart eit svært kuppert børsår/avkastningsår som reduserte inngangsverdi i 2012 med 2,5 %, eller 2.033 mill kroner. Likevel Nordøyvegmalet, med sine 80 vedtekne millionar kroner, vart oppretthalde og vel så det.

I løpet av første tertial 2012 vart det, etter rådslaging med forvaltningsstyret, formannskapet, ikkje gjort endringar i den totale porteføljen. Tidleg 2013, etter ny rådslaging med formannskapet, vart det konkludert med å overføre 10 mill kroner frå bankplasserte pengar til Pareto sitt høgreinstrument, eit handgrep som framleis ivaretek finansreglementet sitt krav om ein konservativ risikoprofil (låg risiko).

Som avkastningstala viser etter første tertial i år, kan vi registrere ein noko ustabil situasjon når det gjeld den aktive forvaltninga. Særleg resultatene med kort tidshorisont (dagleg/vekentleg) er prega av relativt store oppgangar og nedturar, medan tertialperspektivet viser ei relativt jamn oppover-kurve.

Dette er klart eit symptom på krisetendensane i europeiske nasjonaløkonomiar. Ein nervøsiteteit som skaper investeringsusikkerheit og teiknar desse berg-og-dalbane-grafane. I tillegg, større og mindre internasjonale konflikter, både væpna og på det meir diplomatiske nivået, legg sitt preg på den globale, finansielle stemninga.

Uansett ser vi at dei psykologiske effektane, rykta, uventa hendingar påverkar indeksane, og at økonomi er eit globalt fenomen.

Børsanalytikarane sine profetiar om den nære framtida er prega av nesten like mange konklusjonar som der er analytikarar, men dei summerer seg i ei varsam avkastningsoptimisme utover året.

Men igjen og igjen og igjen, børsplassing handlar om eit ulogisk spel der psykologiske faktorar utgjer dei uføresette spelereglane, det uføresette resultatet.

EIN PENSJONSKOMMENTAR

Å berekne den årlege pensjonsinnbetalinga er ei svært utfordrande øving. I 2012 opplevde vi ein markant auke i høve det budsjetterte samanlikna med 2011. Årsaka er tredelt.

- ✓ Rentegarantien på innbetalt pensjonspengar vart redusert til 2,5 %, noko som forårsaka ein auke i premien.
- ✓ 2012 var eit hovudlønnsoppgjer. Og den gjennomsnittlege lønnsveksten overskreid det budsjetterte anslaget, som igjen påverka reguleringspremien merkbar.
- ✓ På grunn av den urolige børsituasjonen gjennom heile 2011, vart ikkje KLP sitt forvaltningsoverskot så høgt som berekna. Det vil medføre ein lågare bruk av premiefondet, og dermed større innbetaling.

Alle desse faktorane trakk same veg. Konsekvensen vart at samla kostnad, i driftsbudsjettet berekna til vel 7,6 mill kroner, summerte seg til om lag 1,6 mill kroner over dette anslaget. Men eit rekordstort positivt premieavvik på knappe 3,8 mill kroner, medførte at kommunen fekk inndekning for denne meirkostnaden på driftsområda.


For 2013 er kanskje, og det er viktig å presisere kanskje, situasjonen litt meir forutsigbar.

I 2012 forvalta KLP verdiane sine på ein lukrativ måte, og kan vise til relativt store avkastningar, som igjen vil drype på eigarane – kommunane – i form av utbetaling av overskot, som vil bli nytta til å delfinansiere pensjonskostnadene i 2013.

Til orientering, så har Sandøy kommune vedtatt eit års amortoseringsstid (valet står mellom 1 og 10 år for å avskrive eit premieavvik).

Harøy, den 17. mai 2013

Lasse Larsson Fjørtoft
rådmann



Sandøy kommune

TERTIALRAPPORT

Første tertial 2013



UNDERSVISINGSTENESTER

TABELL FOR DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN UNDERVISNINGSTENESTER

Status pr.30.04.2013

Alle tall i 1000 kroner						
Tertialrapport 1. tertial						
Ansvar	Namn	Utgift	Inntekt	Netto utgift	Netto utgift	Netto
	Namn	Utgift	Inntekt	1.tertial 2013	1.tertial 2012	Årsb.2013
200	Skuleadministrasjonen	421,2	2,6	418,6	385,5	1 214,5
201	Harøy skule	7 233,4	437,3	6796,0	5 715,1	15 005,5
202	SFO	198,6	131,0	67,6	99,6	174,9
203	Vaksenopplæringa	57,0	121,6	-64,5	-436,1	-26,9
	Sum totalt	7 910,2	692,5	7 217,7	5 764,1	16 368,0

REGISTRERTE OG FORVENTA AVVIK

STATUS OG PROGNOSE FOR ØKONOMI OG TENESTEPRODUKSJON

Ansvar 200 ※ Skuleadministrasjonen

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Aktiviteten er høg. Einingsleiar/rektor går rektorutdanningen ved NTNU i Trondheim. Dette har medført ein del ekstra arbeid så langt. Styrka inspektørressurs gjer dette mogleg.
- SKUP II, som vi avslutta i 2012, fører med seg ein del plan- og utviklingsarbeid. Blant anna skal skulen frå hausten utvikle, samkøyre og ferdigstille lokale læreplanar. Dette er arbeid som administrasjonen har halde på med denne våren.
- Skulen i Sandøy har eit nært samarbeid med Sunnmøre oppvekst. Store satsingsområde med kurs og opplæring vert samkøyrte der.
- Døme på dette er Klasseleing og Vurdering for læring.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Ressursbruken er i tråd med budsjettet så langt, og ein ventar at det skal halde seg slik resten av året.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- Aktiviteten vil verte omlag som no.

- Det er framleis mange skular i vårt område som ikkje har innført FEIDE (Felles Elektronisk IDEntitet). Dette skal endeleg ferdigstillast dette året.

Ansvar 201 ※ Harøy skule

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Aktiviteten er stort sett etter budsjettet. Det kan ligge an til eit lite meirforbruk.
- Grunnane er som følgjer:
 - Også dette året merkast auka lønskostnadar – ein lærarstab, der nesten alle har full ansiennitet gjer at lønskostnadane i grunnskulen er svært høge.
 - tariffesta seniorpolitiske tiltak, redusert leseplikt, gjer at ein også dette året må dekkje opp vel 1,5 stilling.
 - Det er framleis stort behov for spesialundervisning – elevar som kjem inn under Opplæringslova § 5-1.
 - Ekstra utgifter, personalressurs, knytt til særskild norskopplæring - Opplæringslova § 2-8
 - Grunnskulen sitt budsjett er stramt. Skal ein redusere forbruket, må det gjerast med effektivisering og færre vaksne/time. Ein må organisere undervisninga i større grupper for å få endane saman. Dette er eit arbeid vi alt har starta på. Men det er vanskeleg å gjere store endringar midt i eit skuleår. Den største endringa kjem frå nytt skuleår 01.08.13.
 - Ein har også starta på ein reduksjon i vikarbruken.
 - Dersom ein ser på budsjettet for undervisningstenester totalt, er forbruket i overkant av det det bør vere. Ressursbruken pr. 1. terital er på 44 % av årsbudsjettet. Dette er omtrent som i fjor. Også dette budsjettåret har skulen hatt fleire i langtidssjukmelding. Dette har ført til kraftig overforbruk på vikarbudsjettet. Dette vil jamne seg meir ut når sjukepengar vert refunderte.
 - Ein lærar har sagt opp stillinga si. Denne stillinga vil ikkje bli erstatta.
 - To lærarar som har hatt permisjon, kjem tilbake i stillingane sine frå hausten.
 - To lærarar som har vore inne som vikarar for desse to, sluttar til sommaren.
 - Det er etablert eit kombinasjonsbibliotek – folkebibliotek/skulebibliotek. Folkebibliotekar er tilsett og skulen bidreg med 30% av stillinga.

Samla sett er dei relativt høge budsjetterte inntektene eit realistisk anslag, og vil mest sannsynleg medføre ein viss balanse i rekneskapen når desse vert inntektsførte mot slutten av året.

I tillegg har vi mindre utgifter til kjøp av tenester for elevar i andre kommunar dette året.

Avtalen med Haram kommune om kjøp av elevplassar vert reforhandla kvart år.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Med tiltak som er nemnd ovanfor, må ein redusere forbruket noko resten av året for å halde budsjettet. Dette arbeidet er starta.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- Aktiviteten vil verte som i vårhalvåret, men drifta må effektiviserast endå meir.

Ansvar 202 ※ Skulefritidsordninga

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Aktiviteten er omtrent som i fjor.
- Vi vil sette inn tiltak for å få fleire til å bruke tilbodet.
- Mellom anna vert det sannsynlegvis leksehjelp berre for 4. klasse komande haust.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Ressursbruken vil vere i tråd med budsjettet.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- Aktiviteten må opp. Tilbodet må gjerast meir attraktivt. Det vert arbeidd med dette.
- Ulike former for nye aktivitetar vert planlagt med oppstart frå hausten.

Ansvar 203 ※ Vaksenopplæringa

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Aktiviteten er omtrent som i fjor, men noko mindre enn tidlegare år. Ein reknar med å kome ut som budsjettert.

2) Prognose for ressursbruk resten av året


- Dersom ikkje heilt uføresette forhold kjem til, vil sluttresultatet bli som budsjettert.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- Aktiviteten vil stå i forhold til kor mange som har behov for norskopplæring.

Harøy, den 20. mai 2013

Nils Magne Abelseth
leiar for undervisningstenester



Sandøy kommune

TERTIALRAPPORT

Første tertial 2013



BARNEHAGETENESTER

TABELL FOR DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN

DRIFTSBUDSJETTET - BARNEHAGETENESTER

Status pr 30.04.13

Alle tal i 1000 kr.

1. tertial 2012						
Ansvar	Namn	Utgift	Inntekt	Netto utgift	Netto utgift	Netto
		1. tertial 2013	1. tertial 2013	1. tertial 2013	1. tertial 2012	Årsb. 2013
300	Administrasjon	267	2	265	252	765
301	Barnehage	3 863	684	3 179	3 115	9 284
Totalt		4 130	686	3 444	3 367	10 040

REGISTRERTE OG FORVENTA AVVIK

STATUS OG PROGNOSE FOR ØKONOMI OG TENESTEPRODUKSJON

ANSVAR 300 * ADMINISTRASJON BARNEHAGE

- 1) **Aktivitet i høve vedtekne budsjett**
 - Aktivitet i tråd med vedtekne budsjett og handlingsplan for barnehagetenesta
 - Sandøy kommune har full barnehagedekning etter myndighetene sine retningslinjer
 - Behovet for barnehageplassar i kommunen vil auke litt til hausten 2013. Etter hovudopptaket 2013/2014 er det ein lita auke i barnetalet og ein auke i etterspørselen etter heildagsplassar. Denne drifta vil vare til neste barnehageår frå august 2014, som vil få ein konsekvens for neste års budsjett
 - Barnehageadministrasjonen er inne i slutfasen på prosjekt nybygg, dette bygget skal takast i bruk til nytt barnehageår, 12. august 2013. Barnehagen skal då drifte seks avdelingar, fire i nybygget og to i gamlebygget
 - Det er auka aktivitet i det interkommunale nettverket SR(Sunnmøre Regionråd)-Oppvekst
 - Administrasjonen i barnehagen deltek i prosjektet "Mission Possible" både internt i kommunen og interkommunalt. Det er ei felles satsing for å styrke tidleg, rett og koordinert innsats for barn i risiko

- 2) **Prognose for ressursbruk resten av året**
 - Ressursbruk etter budsjett og handlingsplan


- 3) **Prognose for aktivitet resten av året**
- Administrasjonen vil ha høg fokus på å få til ein god innflyttingsperiode, samt slutføre byggeprosessen ilag med teknisk.
 - Revidere vedtektene for Harøy barnehage – hausten 2013
 - Sjå kommentarar under 301 drift barnehage

ANSVAR 301 * BARNEHAGE

- 1) **Aktivitet i høve vedtekne budsjett**
- Aktivitet i tråd med vedtekne budsjett og handlingsplan
 - Alle tilsette er med på å utvikle og innreie den nye barnehagen, etter gode pedagogiske prinsipp
 - Barnehagen har to tilsette på vidareutdanning innan spesialpedagogikk og organisasjonspsykologi
 - Barnehagen har fått ekstra utviklingsmidlar med fylket for å gjennomføre kompetanseheving med personalet gjennom prosjektet *"ICDP som metode for å skape gode relasjonar i barnehagen"*
 - Felles kompetanseheving for tilsette innan minoritetsspråklege barn, språkutvikling og integrering
 - Harøy barnehage har dette året ein tilsette som har frikjøp 20% i samband med tillitsvaldsarbeid
 - Barnehagen har i første kvartal hatt høgt sjukefråvær
- 2) **Prognose for ressursbruk resten av året**
- Barnetalet og opphaldstid ved oppstarten av barnehageåret 2013-2104 vil vere større enn det var ved oppstarten av barnehageåret 2012-2013
 - Barnehagen vil til hausten ha behov for ei til to stillingar med ekstraressurs knytt opp mot enkelt barn som har behov for særskild oppfølging
 - "Tidleg innsats" er eit sentralt fokusområde som vi arbeider med internt i barnehagen, dette samarbeider vi tett med dei andre einingane.
- 3) **Prognose for aktivitet resten av året**
- Viser elles til handlingsplan for rammeområdet

Harøy, 15. mai 2013

Karin Breivik Grytten
leiar for barnehagetenester



Sandøy kommune

TERTIALRAPPORT

Første tertial 2013



NAV/SOSIALE TENESTER

TABELL FOR DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN DRIFTSBUDSJETTET – SOSIALE TENESTER

Status pr. 30.04.2013

Alle tall i 1000 kroner						
Ansvar	Tertialrapport 1. tertial					
	Namn	Utgift	Inntekt	Netto utgift	Netto utgift	Netto
		1. tertial	1. tertial	1. tertial 2013	1.tertial 2012	Årsb.2013
400	Sosialadministrasjonen	363,7	0	363,7	169,4	1 101,5
401	Skjenkekontrollen	0,0	0,5	-0,5	-1,0	5,5
402	Økonomisk stønadsord.	5,2	0,0	5,2	5,3	143,7
403	Økonomisk sosialhjelp	70,3	14,0	56,3	97,8	307,5
404	Edruskapsvern	3,5	0,0	3,5	0,0	30,0
405	Barnevern	26,4	3,4	23,0	100,9	806,8
	Sum totalt	469,1	17,9	451,2	372,4	2 395,0

REGISTRERTE OG FORVENTA AVVIK

STATUS OG PROGNOSE FOR ØKONOMI OG TENESTEPRODUKSJON

Ansvar 400 ✕ Sosialadministrasjonen

1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*

- Aktiviteten har vore etter vedteke budsjett og mål i handlingsplanen. Det er bestemt å innføre elektronisk arkiv. Dette er kjøpt, men enno ikkje teke i bruk.

2) *Prognose for ressursbruk resten av året*

- Ressursbruken i første tertial er i samsvar med budsjett. Ut frå det vi veit pr i dag, vil ikkje ressursbruken endre seg resten av året. Prognosen for ressursbruken for heile året tilseier at vi vil halde oss innanfor budsjett.

3) *Prognose for aktivitet resten av året*

- I tråd med handlingsplan og parallelt med ressursbruken innfor området.

Ansvar 401 ✂ Skjenkekontrollen

- 1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*
 - Aktiviteten er i høve vedteke budsjett og planar.
- 2) *Prognose for ressursbruk.*
 - I samsvar med budsjettet.
- 3) *Prognose for aktivitet resten av året*
 - I tråd med handlingsplanen.

Ansvar 402 ✂ Økonomisk stønadsordning

- 1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*
 - Aktiviteten er i høve vedteke budsjett.
 - Avtalen med krisesenteret i Molde er oppsagt med verknad frå 1.1.2014. Frå same tidspunkt er det inngått avtale med krisesenteret i Ålesund.
 - Det er ikkje søkt om midlar frå Husbanken i år. Kommunen får ikkje tilskotsmidlar, og lånemidlar kan søkjast seinare i år om det vert nødvendig. Kommunen har framleis noko midlar avsett på fond som kan brukast dersom det er søkjarar til låne- og tilskotsordningane.
- 2) *Prognose for ressursbruk resten av året*
 - Ressursbruken vert som i vedteke budsjett.
- 3) *Prognose for aktivitet resten av året*
 - I tråd med handlingsplanen.

Ansvar 403 ✂ Økonomisk sosialhjelp

- 1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*
 - Den økonomiske aktiviteten første tertial har vore lågare enn budsjett. Men det er ein generell auke i arbeidsmengda vedkomande økonomisk rådgjeving/gjeldsrådgjeving.
- 2) *Prognose for ressursbruk resten av året*
 - Økonomisk sosialhjelp er ei pliktmessig yting som ikkje kan avslåast av økonomiske omsyn. Økonomisk sosialhjelp er sikkerheitsnett som skal sikre eit nøkternt levesett for dei som ikkje sjølv kan syte for eige livsopphald gjennom inntektsgivande aktivitet eller hevde rett til stønadsordningar frå Folketrygda eller andre ordningar. Området er uoversiktleg og det er vanskeleg å seie noko om ressursbruken for resten av året. Slik det ser ut pr i dag, vil forbruket samla for heile året halde seg innanfor budsjett.
- 3) *Prognose for aktivitet resten av året*
 - I tråd med handlingsplanen.

Ansvar 404 ✂ Edruskapsvern

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Aktiviteten er knytt til oppfølging av rusmisbrukarar og vil variere i løpet av året. Aktiviteten i første tertial er mindre enn budsjett.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Med det aktivitetsnivået ein har pr. i dag og utan uføresette behov for ekstra ressursbruk, vil ein halde seg innanfor budsjettert ramme.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- I tråd med handlingsplanen og må sjåast i samanheng med førebyggjande arbeid.

Ansvar 405 ✂ Barnevern

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Den økonomiske aktiviteten første tertial har vore mindre enn budsjettert. Men det har vore auka arbeidsmengde i forhold til oppfølging av saker.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Det er vanskeleg å vite korleis aktiviteten innan området vil bli utover året. Aktivitetar er i tråd med vedteken handlingsplan. Arbeidsområda innan ansvarsområdet er lovpålagte, uoversiktlege og svært kostnadskrevjande. Å sette prognose for bruk av ressursar for resten av året er ikkje mogeleg. Men utan store uføresette behov for ekstra ressursbruk, vil ein halde seg innanfor budsjettert ramme.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- I tråd med handlingsplan.

Harøy, den 10.mai 2013

Odd Husøy
leiar NAV Sandøy

Leila Hellouli Harnes
leiar barnevern i NAV Sandøy



Sandøy kommune

TERTIALRAPPORT

Første tertial 2013



HELSE- OG OMSORGSTENESTER

TABELL FOR DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN DRIFTSBUDSJETTET - HELSE og OMSORGSTENESTER

Status pr. 30.04.2013

Alle tall i 1000 kroner						
Tertialrapport 1. tertial						
Ansvar	Namn	Utgift	Inntekt	Netto utgift	Netto utgift	Netto
		2013	2013	1. tertial 2013	1. tertial 2012	Årsb. 2013
500	Administrasjon	308,0	0,0	308,0	1,5	858,0
501	Helsestasjonen	665,0	-72,0	594,0	374,9	1 635,0
506	Fysioterapitenesta	119,0	-18,0	101,0	102,0	300,0
507	Sandøyheimen	4 418,0	-604,0	3 814,0	3 832,9	9 914,0
508	Sandøyheimen, kjøkken	939,0	-205,0	734,0	713,0	1 670,0
509	PPT - Tenesta	217,0	0,0	217,0	194,0	714,0
510	Skulemat/ kantine	153,0	-80,0	73,0	99,2	170,0
600	Administrasjon	186,0	-2,0	184,0	316,0	524,0
601	Hjelpeordning heim	3 073,0	-56,0	3 017,0	2 858,5	8 782,0
602	Særskilt hjelp bustad	312,0	-2,0	310,0	271,5	740,0
603	Møteplassen	332,0	-30,0	302,0	259,0	852,0
604	Særskilt hjelp heimen	155,0	0,0	155,0	165,0	720,0
605	Korttid og rehab.	3 083,0	-240,0	2 842,0	2 378,0	6 218,0
606	Hjelpeordning heim, PB	426,0	-32,0	394,0	453,0	1 261,0
	SUM	14 386,0	-1 341,00	13 045,0	12 019,1	34 358,0

REGISTRERTE OG FORVENTA AVVIK

STATUS OG PROGNOSE FOR ØKONOMI OG TENESTEPRODUKSJON

Ansvar 500 ✕ Administrasjon

Eininga helse og omsorgstenester sett under eitt

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett i helse og omsorgstenester

- Eininga har samla eit meirforbruk på periodebudsjett ca. kr. 1 000 000.
- Redusert innleige ved fråver vert kontinuerleg vurdert opp imot risikoen for å få auke i jobbrelatert fråvær.
- Omstilling og fornying i HOT har teke tid, og vil framleis ta tid før ein er nøgd med samhandlingsnivået i eininga. Organiseringa krev og at IKT-programma fungerer etter intensjonen, då vi er avhenging av elektroniske hjelpemiddel for å effektivisere tenesteproduksjonen.
- Innleige av personell frå vikarbyrå til sjukepleieteneste på sjuke- og skjerma avdeling har vist seg å fungere, og var heilt naudsynt knytt til behovet for autorisert personell.
- Tilsette har i vår delteke på mange kompetansehevande tiltak, innan demens, kreftsjukepleie, pedagogisk arbeid, psykiatri og pleie og omsorg av døande.
- Vi er i starten i driftsfasen i "Meldingsløftet".

- 2) **Prognose for ressursbruk resten av året**
 - Stor auke i behov for avlastning. Avansert behandling gjev auka utgifter og reduserte inntekter.
 - Det vil bli sett i verk tiltak som kan redusere tal på tilsette frå september 2013.
- 3) **Prognose for aktivitet resten av året**
 - Tilsette og leiar arbeider med innsparingstiltak, har fokus på å arbeide smartare, og samstundes ha gode pasientforløp ut frå målet om å følgje BEON- prinsippet, Beste Effektive Omsorgs Nivå.
 - Vi har ikkje betalt døgnmulkt på inneliggande pasientar til no i 2013.
 - Leiar deltek aktivt i samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionråd.
 - Det er inntekter som er venta i juni som ikkje er inntektsført, samt at det er ein del statlege tilskot ein kan søkje på. Dette vil vonleg korrigere resultatet i positiv retning.
 - Rammene er for låge med det tal ein har på tilsette. Det er difor i forkant av PSP sett i verk tiltak for å betre resultatet for eininga sett under eitt. Mellom anna å redusere talet på seinvakter, og å legge om igjen arbeidsformer i heimetenesta.

Ansvar 501 ✘ Helsestasjonstenesta

- 1) **Aktivitet i høve vedteke budsjett**
 - Meirforbruk kr. 12 000. Aktiviteten er i tråd med handlingsplanen så langt i driftsåret.
- 2) **Prognose for ressursbruk resten av året**
 - Etter oppsett plan.
 - Kommunefysioterapeut vil bli tilsett i prosjektstilling frå 15.7.2013.
- 3) **Prognose for aktivitet resten av året**
 - Etter oppsett plan.
 - "Aktivitetsveka 2013" vil bli arrangert i juli 2013. Eit samarbeidsprosjekt mellom Sandøy kommune og lag og organisasjonar som har barn og unge som målgruppe. Det er 70 barn som er påmelde. Arrangementet har fått kr. 36 000.- i støtte frå næringslivet i kommunen.

Ansvar 506 ✘ Fysioterapitenesta

- 1) **Generell kommentar**
 - Denne tenesta ligg utanfor den kommunale forvaltninga. Kommunen gir eit driftstilskot som er sentralt framforhandla, medan tenesta betaler husleige. Dette er komponentane som kjem fram i perioderekneskapen.

Ansvar 507 ✘ Sandøyheimen; sjuke – og skjerma avdeling

- 1) **Aktivitet i høve vedteke budsjett**
 - Meirforbruk kr. 325 000. Det er stort meirforbruk her mellom anna på løn, det er for mange tilsette med omsyn til ramma for området.
- 2) **Prognose for ressursbruk resten av året**
 - Meirforbruk vil bli forsøkt å dekt inn i andre delar av drifta i helse og omsorg.

3) *Prognose for aktivitet resten av året*

- Ein må framleis ha høg fokus på faglege utfordringar, arbeidsmiljø, samarbeid både internt og med eksterne samarbeidspartar, med målsetting: gode pasientforløp.
- Det er ikkje starta skriftleg planarbeid for nybygg sjukeheim. Dei eldre lokala må erstattast med nye, då dei ikkje stettar dagens krav til sjukeheim, og gjev oppleving av tyngre pleietyngde enn naudsynt.
- Det vert vurdert å stenge ned senger utover hausten ved utflytting, for å redusere behov for tilsette i langtidsavdelingar.
- Arbeidsplan for hausten 2013 vil bli omlagt for å gje høve til redusert bruk av tilsette.

Ansvar 508 ✂ Sandøyheimen; storkjøkken

1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*

- Meirforbruk kr. 147 000.

2) *Prognose for ressursbruk resten av året*

- I tråd med vedtekne planar. Meirforbruk vil bli forsøkt inndecka inn i eininga.

3) *Prognose for aktivitet resten av året*

- I tråd med handlingsplan.

Ansvar 509 ✂ PPT- tenesta

1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*

- Perioderekneskapen viser ein grei balanse mellom forbruk og løyving.

2) *Prognose for ressursbruk resten av året*

- Ein tilsett i verksemda gjennomfører etterutdanning på masternivå for å heve kompetansen i tenesta.

3) *Prognose for aktivitet resten av året*

- Ein prøvar å oppretthalde aktiviteten i tråd med vedtekne planar, tross periodevis utdanningspermisjon og anna fråvær.
- Det vil bli fremja sak knytt til samarbeid mellom PPT og Harøy skule i haust.
- Det vert vurdert innkjøp av fagprogram for å sikre drift og redusere sårbarheit i PPT.

Ansvar 600 ✂ Administrasjonen

1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*

- Mindreforbruk kr. 3 000. Aktiviteten i avdelinga er i hovudsak etter handlingsplanen.

2) *Prognose for ressursbruk resten av året*

- Etter vedteke plan.

3) *Prognose for aktivitet resten av året*

- Etter vedteke plan.

Ansvar 601 ✧ Hjelpoordning for heimane

- 1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*
 - Mindreforbruk kr. 17 000. Aktiviteten i avdelinga er i hovudsak etter handlingsplanen.
 - Arbeidet held fram med pasientansvarleg pleiarordninga for å styrke gode pasientforløp.
- 2) *Prognose for ressursbruk resten av året*
 - Etter oppsett plan.
- 3) *Prognose for aktivitet resten av året*
 - Etter vedteken plan.

Ansvar 602 ✧ Særskilt hjelp i bustad

- 1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*
 - Meirforbruk kr. 43 000. Aktiviteten i avdelinga har vore etter måla i handlingsplanen.
- 2) *Prognose for ressursbruk resten av året*
 - Etter handlingsplan.
- 3) *Prognose for aktivitet resten av året*
 - Pasientgruppene har behov for same aktivitet, eller auka aktivitet resten av året.

Ansvar 603 ✧ Møteplass

- 1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*
 - Aktiviteten i avdelinga har vore etter måla i handlingsplan i 1. tertial.
- 2) *Prognose for ressursbruk resten av året*
 - Etter oppsett plan.
 - Det er ei feilføring mellom ansvara 603 og 606, som vil betre resultat i 603 for resten av året.
- 3) *Prognose for aktivitet resten av året*
 - Etter handlingsplanen. Lokala til Møteplass er aktivt brukt heile veka.

Ansvar 604 ✧ Særskilt hjelp i heimen

- 1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*
 - Mindreforbruk kr. 88 000. Aktiviteten i avdelinga er etter vedteken handlingsplan.
- 2) *Prognose for ressursbruk resten av året*
 - Etter vedteken plan, med atterhald om auka brukarbehov.
 - Det er større rekningar som ikkje enno er utgiftsført, som vil redusere mindreforbruket.

- 3) *Prognose for aktivitet resten av året*
➤ Etter vedteken plan.

Ansvar 605 ✂ **Avdeling for korttid og rehabilitering**

- 1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*
➤ Meirforbruk kr. 644 000. Aktiv behandling og høg førekomst av alvorlege sjukdommar krev kompetente fagfolk, og gjev meirutgifter til medisinar og medisinsk utstyr.
➤ Auke i tal på avlastning gjer at ein får reduserte inntekter.
- 2) *Prognose for ressursbruk resten av året*
➤ Meir aktiv behandling, samt reduserte inntekter knytt til bruk av korttidsopphald og avlastning krev mykje ressursar. Dette søker ein å dekke inn i eininga sett under eitt. Korttids- og rehabiliteringsavdelinga fungerer etter målsetjinga, har ein jamn høg beleggprosent i 2013.
- 3) *Prognose for aktivitet resten av året*
➤ Etter handlingsplan.

Ansvar 606 ✂ **Hjelpeordningar for heimane, praktisk bistand**

- 1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*
➤ Mindreforbruk kr. 50 000. Aktiviteten i avdelinga etter handlingsplanen. Det er feilføring mellom ansvara 603 og 606, som fører til dette mindreforbruket.
- 2) *Prognose for ressursbruk resten av året*
➤ Vidareføre aktiviteten i avdelinga etter handlingsplanen
- 3) *Prognose for aktivitet resten av året*
➤ Vidareføre aktiviteten i avdelinga etter handlingsplanen

Sluttkommentar

Eining for helse- og omsorgstenester arbeider framleis med mange prosjekt, med felles mål:

- styrke brukaren
- styrke utøvaren
- forbetre leiing og organisasjon – kontinuerleg forbetring
- styrkje kunnskapsnivået i eininga
- følgje med og evaluere tenestene

Gjennom desse satsingsområda styrkjer vi samhandling og kompetanse.

Harøy, den 16. mai 2013

Ann Kristin Røyset
einingsleiar for helse- og omsorgstenester



Sandøy kommune

TERTIALRAPPORT

Første tertial 2013



Kulturelle tenester

TABELL FOR DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN

DRIFTSBUDSJETTET – RAMMEOMRÅDE 7 – KULTUR

Status pr. 30.04.2013

Alle tall i 1000 kroner						
Tertialrapport 1. tertial						
Ansvar	Namn	Utgift	Inntekt	Netto utgift	Netto utgift	Netto
				1. tertial 2013	1. tertial 2012	Årsb. 2013
700	Kulturadministrasjonen	268,3	-0,3	268,0	277,1	789,5
701	Bibliotek	236,7	-10,8	225,9	163,1	384,1
702	Kulturvern, museum	235,9	-1,3	234,6	0,0	35,0
703	Kunst- kulturformidling	11,5	-6,3	5,2	-2,2	737,0
704	Idrett og friluftsliv	9,8	0,0	9,8	-6,3	50,0
705	Ungdomsklubben	4,2	-0,9	3,3	3,6	61,0
706	Allment kulturarbeid	17,2	-3,4	13,8	44,0	120,0
707	Akt.tilbod barn/unge	0,0	0,0	0,0	2,9	10,0
708	Kulturskulen	233,8	-1,8	232,0	357,9	546,4
709	Håp I havet	347,0	-349,0	-2,0	0,0	0,0
	Sum totalt	1364,4	-373,8	990,6	840,1	2733,0

REGISTRERTE OG FORVENTA AVVIK

STATUS OG PROGNOSE FOR ØKONOMI OG TENESTEPRODUKSJON

Generelt:

Kultureininga er i økonomisk balanse innan samtlege ansvarsområde.

Ansvar 700 Kulturadministrasjonen

- 1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*
 - Ingen avvik
- 2) *Prognose for ressursbruk resten av året*
 - I tråd med handlingsplan og budsjett

3) *Prognose for aktivitet resten av året*

- I tråd med handlingsplan, men turstiprosjektet er uavklart med omsyn til å finne medaktørar som kan stå for dugnadsbiten.

Ansvar 701 ▲ Bibliotek

1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*

- Ingen avvik

2) *Prognose for ressursbruk resten av året*

- I tråd med handlingsplan og budsjett. Internfakturering for 30 % skulebibliotekteneste blir gjort ved årsslutt.

3) *Prognose for aktivitet resten av året*

- Samarbeidet med grunnskulen om skulebibliotektenesta er forankra i vedteken plan og skal startast opp frå hausten av. I tillegg blir det arbeidd med å marknadsføre biblioteket betre, samt utarbeide ein profil for å auke oppslutninga om tilbodet.

Ansvar 702 ▲ Kulturvern, museum

1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*

- Ingen avvik. Sjå statusrapport for arbeidet under pkt. 3.

2) *Prognose for ressursbruk resten av året*

- Ressursbruken er i tråd med budsjettet, men det har blitt gjort ein feil i budsjettoppsettet mellom ansvar 702 og 703. Budsjettala for desse to områda skal byttast om, men er riktige ut over det.

3) *Prognose for aktivitet resten av året*

- I tråd med handlingsplan, politiske vedtak og oppsett framdriftsplan for prosjektet med Busetnadssoge for Sandøy.

Bygdebokprosjektet i Sandøy. Arbeidsstatus per 30. april 2013.

I januar inneverande år låg føre ferdige manuskript for Lyngværet, Orta, grendehistorie for dei same gardane samt manuskript for Seterøya og Gåsøya. I sidetal kring 190 sider. I tillegg kjem slektshistoria til gardane.

I perioden januar t.o.m. april har det vore arbeidd parallelt med gardshistoria til Finnøya og Sandøya samt med grendehistoria for gardsnummer 3. Per dato ligg det føre kring 120 sider uredigerte manuskriptutkast for desse kapitla som er under arbeid. I tillegg kjem slektshistoria til Finnøya.

Biletinnsamlinga er i full gang for gardsnummer 3.

Konklusjon

Per dato er prosjektet i rute etter arbeidsplanen og tidsramma for band 1.

Andre ansvarsområde innan kulturelle tenester (703-707)

- 1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*
 - Aktiviteten ligg innanfor vedteke budsjett. Forklaring til feil i budsjettala er skildra under ansvar 702.
- 2) *Prognose for ressursbruk resten av året*
 - Ingen avvik
- 3) *Prognose for aktivitet resten av året*
 - Ingen avvik

Ansvar 708 ↗ Kulturskulen


- 1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*
 - Ingen avvik
- 2) *Prognose for ressursbruk resten av året*
 - I tråd med gjeldande budsjett.
- 3) *Prognose for aktivitet resten av året*
 - Gitarlæraren vi har leigd gjennom Aukra kulturskule har valt å slutte hos oss frå hausten fordi pendlinga blir for tidkrevjande. Vi står dermed utan tilgang på lærekrefter. Som eit tiltak inn mot den initierte PSP'en vil tilbodet ikkje bli vidareført då leige av lærar er ei dyr ordning. Det blir initiert samarbeid med grunnskulen/SFO gjennom satsingane Korps i skolen og Kulturskoletimen. Det siste er ei nasjonal satsing på eit tilbod retta inn mot elevane som går i SFO.

Ansvar 709 ↗ Håp i havet

- 4) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*
 - Ingen avvik
- 5) *Prognose for ressursbruk resten av året*
 - Ingen avvik
- 6) *Prognose for aktivitet resten av året*
 - Ansvaret blir brukt til å avrekne billettinntektene mot kommunal refusjon av utgifter. Ved årsslutt skal dette vere eit nullrekneskap.

Harøy, den 21. mai 2012

Frank Harneshaug
leiar for kulturelle tenester



Sandøy kommune

TERTIALRAPPORT

Første tertial 2013



TEKNISKE TENESTER

TABELL FOR DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN DRIFTSBUDSJETTET – TEKNISKE TENESTER

Status per 30.04.2013

Alle tall i 1000 kroner						
Ansvar	Namn	Utgift	Inntekt	Netto utgift	Netto utgift	Netto
		1. tert. 2013	1. tert. 2013	1. tert. 2013	1. tert. 2012	
		2013	2013	2013	2012	Årsb. 2013
801	Utleigebustader	109	-213	-104	-120	-28
810	Ungdomsbustader	74	-220	-146	-130	-177
820	Oms.b/ eldreb	94	-309	-215	-186	-359
830	Skulebygg	1 177	-61	1 116	1 097	3 428
831	Barnehage	143	-3	140	294	1 304
840	Andre bygg	487	-286	201	226	1 211
850	Sandøytunet	495	-109	386	454	1 521
860	Tomtefelta	0	0	0	-52	0
	Sum bygg	2 579	-1 201	1 378	1 583	6 900
870	Administrasjon	576	-7	569	314	618
871	Oppmåling	159	-67	92	200	146
872	Bygge-/reguleringsak	233	-48	185	200	884
873	Vassforsyning	366	-678	-312	-64	0
874	Kloakk	306	-129	177	-53	0
875	Innsaml avfall	1 536	-515	1 021	499	0
877	Slamordning	285	-121	164	285	0
878	Brannvern	307	-11	296	337	1 112
861	Feiing	6	-51	-45	-46	0
862	Jordbruk	0	-5	-5	0	159
863	Oljevern	29	-1	28	24	24
	Sum teknisk	3 803	-1 633	2 170	1 696	2 943
880	Hamner	147	-4	143	178	532
881	Kommunal veg	67	-13	54	45	428
882	Fylkesveg	32	-4	28	110	0
883	Veglys	121	-22	99	186	419
	Sum samferdsel	367	-43	324	519	1 379
	Totalsum område 8	6 749	-2 877	3 872	3 798	11 222

REGISTRERTE AVVIK

STATUS OG PROGNOSE FOR ØKONOMI OG TENESTEPRODUKSJON

Ansvar 010 - Felles vedlikehaldsutgifter/arbeidslaget

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Dette ansvarsområdet er eit fordelingsområde som skal gå i null. Svein Inge Finnøy går 31.05.13 av med pensjon etter nesten 33 år i kommunen. I tråd med konklusjonar frå PDK i 2010, vil det ikkje bli tilsett ny vaktmeister. Teknisk sine oppgåver ved Sandøytunet vil framover bli løyst på same måte som for skulen, der behov blir meldt gjennom Forvaltning, Drift og Vedlikehaldsprogrammet vårt, Famac. For tilsette ved Sandøytunet vil det nok kunne opplevast som eit redusert "servicetilbod", før det går seg heilt til med nye rutinar etc. Det kan bli behov for fleire køyrety med den nye organiseringa. Det er no 450 % stilling fordelt på fem tilsette på dette ansvarsområdet.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Som budsjettert.

Ansvar 011 - Felles maskinpark

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Dette ansvarsområdet er eit fordelingsområde som skal gå i null.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Om lag som budsjettert.

Ansvar 801 - Utleigebustader

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Aktivitet og disponibel ramme synest å vere i balanse.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Om lag som budsjettert. Det er ein ledig bustad pr. dato.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- Planprosess for å utarbeide Sandøy kommune sin Bustadpolitiske handlingsplan er i gang, men ligg etter skjema pga ressursmangel.

Kommunen er også representert i eit samarbeidsprosjekt med bedriftene om å få på plass nye bustadar til rekrutteringsformål. Dette er under utredning.

Ansvar 810 - Ungdomsbustader

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Noko høgare inntekter enn budsjettert, då alt har vore utleigd så langt i år.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Om lag som budsjettert. Budsjettert avsetjing på kr. 80 000.- til fond er enno ikkje ført i rekneskapen.

Ansvar 820 - Omsorgsbustader/Eldrebustader

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Aktivitet og disponibel ramme synest å vere i balanse, trass i ein viss vakanse no, som vil medføre noko lågare inntekter.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Om lag som budsjettert.

Ansvar 830 - Skulebygg

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Aktivitet og disponibel ramme synest å vere i balanse. Vi ligg om lag på same netto forbruksnivå som i fjor. Bygget har no fått direktevarsling til 110-sentralen.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Vi har brukt ca 3 % mindre straum enn på same tid i fjor.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- Om lag som budsjettert. Brannalarmanlegget skal utvidast etter pålegg i samband med brannsyn. Vi føresett at det skal dekkast innafor driftsbudsjettet.

Ansvar 831 - Barnehagebygg

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Det vart hausten 2012 avslutta eit tidsavgrensa engasjement som reinhaldar, og vi har omfordelt noko reinhaldarressurs mellom skulen og barnehagen. Dette må reviderast på nytt når det nye bygget skal takast i bruk i august. Vi har sett som mål at vi skal klare reinhaldet med dei ressursane vi har.
Byggeprosjektet går som planlagt/vedtatt både tidsmessing og økonomisk. Vi som har arbeidd svært mykje med dette prosjektet, er trygge på at det vil bli eit svært godt resultat.

- 2) *Prognose for ressursbruk resten av året*
 - Om lag som budsjettert. Modulbygget vil bli demontert i løpet av juli, og Myklebust skule blir teke ut av drift i byrjinga av juli.
- 3) *Prognose for aktivitet resten av året*
 - Om lag som budsjettert.

Ansvar 840 - Andre bygg

- 1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*
 - Aktivitet og disponibel ramme synest å vere i balanse.
- 2) *Prognose for ressursbruk resten av året*
 - Om lag som budsjettert. Vi har brukt om lag 8 % meir straum enn same tid i fjor på rådhuset.
 - Enøkanalysa som vart gjennomført i 2012, antyda eit investeringsbehov på mellom 1,5-2 mill kroner for å redusere energibruken ned til eit akseptabelt nivå, noko som inneber kun etterisolering og skifting av vindauge på rådhuset. Ser ein det i samanheng med investeringsbehov for å møte krav til tilgjenge/universell utforming, må kommunestyret gjere ei vurdering vedkomande oppussing/ombygging/tilrettelegging og riving/nybygg, då det vil kunne medføre store kostnader for å få rådhuset i slik stand at det oppfyller krava. I tillegg er huset for stort i forhold til talet på tilsette, samt at det er lite tilrettelagt for kombinasjonsbruk.
Dette må sjåast i samanheng med ei eventuell om-/tilbygging av Sandøytunet.
- 3) *Prognose for aktivitet resten av året*
 - Skiltprosjektet er no ferdig produsert og skilta vil bli transportert hit i veke 21, og skilta skal etter planen monterast i løpet av sommaren.

Ansvar 850 - Helseinstitusjonar

- 1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*
 - Aktivitet og disponibel ramme synest å vere i balanse. Det er brukt om lag 13% meir straum enn same periode i fjor.
- 2) *Prognose for ressursbruk resten av året*
 - Som omtala under ansvar 010 går vaktmeisteren av med pensjon 31.05.13. Vi regner med at det vil redusere lønsutgiftene noko.
 - Det er også naudsynt å nemne at kjølemaskineriet ved kjøkkenet "syng på siste vers", og dersom det stoppar må det erstattast med nytt innafor dei rammene vi har sett av til drift.
- 3) *Prognose for aktivitet resten av året*
 - Om lag som budsjettert dersom straumprisane held seg på same nivå resten av året.

Ansvar 860 - Tomtefelta / Div. vedr. eigedomar

Generell kommentar

- Det er ikkje budsjettert på dette ansvarsområdet, men tilskot til bustadbygging vert belasta området.

Ansvar 870 - Administrasjon

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Aktivitet og disponibel ramme synest å vere i balanse. Det er ikkje ført fordeling endå, difor er inntektene til dette området lågt.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Som budsjettert.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- Vi ser det ikkje som muleg å kunne realisere alle prosjekt inneverande år pga ressurs- og kapasitetsmangel.

Ansvar 871 - Oppmåling

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Aktivitet og disponibel ramme synest å vere i balanse.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Som budsjettert, det er gjort ein del arbeid med retting av matrikkelen, men det er framleis svært mykje feil, og mykje tidkrevjande detektivarbeid før dette er i den stand det skal vere. Dette er arbeid som diverre må vike for meir presserande oppgåver.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- Om lag som budsjettert. Det er vedteke å starte opp arbeidet med tildeling av veg- og gatenamn.

Ansvar 872 - Bygge/-regulerings sak

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Aktivitet og disponibel ramme synest å vere i balanse.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Om lag som budsjettert

3) Prognose for aktivitet resten av året

- Det er svært låg aktivitet på bustadbygging, nokre større byggeprosjekt, og mindre tilbygg etc. Ressursen blir nytta til andre oppgåver, mellom anna ik/hms-arbeid.

Arbeidsmengda ved behandling av reguleringsplanar er betydeleg aukande pga den nye plan- og bygningslova.

- Det er p.t. seks reguleringsplanar under utarbeiding i tillegg til kommuneplanen.

Ansvar 873 - Vassforsyning

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Om lag som budsjettert.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- I tråd med handlingsplan skal det lagast planer for vassforsyninga, og utskifting av eternit.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- Som budsjettert. Det skal brukast kr. 541 000.- frå bunde fond på dette området.

Ansvar 874 - Kloakk

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Aktivitet og disponibel ramme synest å vere i balanse. Planlegging av ny avløpsordning for sydsida av Ona har stoppa opp pga ressursmangel. Vi må nok basere oss på å leige inn konsulentar til dette også.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Som budsjettert.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- Om lag som budsjettert. Det skal brukast kr.166 000.- frå bunde fond på dette området.

Ansvar 875 Renovasjon

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Aktivitet og disponibel ramme synest å vere i balanse. Det er større utgifter enn på same tid i fjor, som skuldast endra faktureringsrutinar i ÅRIM.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- ÅRIM (Ålesundsregionens Interkommunale Renovasjonsselskap) har no teke over henting av hushaldsavfall, papir og plast. Det arbeidast no med felles vedtekter for alle kommunar som skal vedtakast før sommaren 2013.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- Om lag som budsjettert. Det skal brukast kr. 433 000.- frå bunde fond på dette området.

Ansvar 877 - Slamkompostering

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Aktivitet er disponibel ramme synest å vere i balanse.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Det er under utarbeiding anbudsgrunnlag for nye avtalar om slamtøming. Det er antyda at vi må pårekne ein auke på om lag 20 % i den samanhengen.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- Om lag som budsjettert. Det skal brukast kr. 252 000.- frå bunde fond på dette området.

Ansvar 878 - Brannvern

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Lyngbrannen i Hørvedalen svidde, i tillegg til ca 70 daa lynghei, også av 87 % av utrykningsbudsjettet vårt. Det er vel såleis sikkert at vi vil overskride denne budsjettposten.

To av tre av depotmannskapet på Ona har sagt opp sine stillingar i brannvernet. Det er lite truleg at vi får inn nye mannskap.

Vi skal forsøke å finne nye ordningar for å sikre beredskapen, men det er ingen tvil om at vi er dårlegare stilt dersom ulykka først er ute, når vi står nesten utan treina mannskap.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Vi skal revidere brannordninga.

3) Prognose for aktivitet resten av året

- Planlegging av oppgradering av stasjon på Husøya er ikkje ferdigstilt, vi planlegg å utføre det nødvendige vedlikehaldet der ute i løpet av året.

Ansvar 880 - Hamner

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- I balanse. Dette er i all hovudsak avskrivingsutgifter som går inn på område 9 i kommunebudsjettet.

2) Prognose for ressursbruk resten av året

- Utviding med ny industrikai er no ferdig planlagt, og klart for utlysing av anbod. Vi ventar på behandling av tilskotssøknaden i regional- og næringsutvalet 4. juni. Dette prosjektet vil krevje ein god del administrative ressursar til oppfølging.

Ansvar 881 - Kommunale vegar

1) Aktivitet i høve vedteke budsjett

- Aktivitet er disponibel ramme synest å vere i balanse.

2) *Prognose for ressursbruk resten av året*

- Midlane som var avsett til skogrydding i 2012 er overført til 2013. Dette prosjektet krev mykje forarbeid med avklaring med grunneigarar om ei skal sage meir enn ut til 3m frå vegskulder. Vi hadde også håpt at det nye sak-/ arkivsystemet skulle kome i drift, då dette med kopling til kartløyisinga vår vil forenkle arbeidet med adressering av brev etc. Det er om lag 1300 grunneigedomar i kommunen, og det er fleirtalet som ligg inntil veg, og dermed må ha ei avklaring. Det må også avklarast kva som skal skje med virket.

Ansvar 882 - Fylkesvegar

1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*

- Aktivitet og disponibel ramme synest å vere i balanse.

2) *Prognose for ressursbruk resten av året*

- Som budsjettert.

3) *Prognose for aktivitet resten av året*

- Vi manglar ein trafikktryggingssplan i kommunen. Dette gjer at vi ikkje får søke om midlar til trafikktryggingstiltak. Ein bør vurdere å leige inn plankompetanse til dette arbeidet.

Ansvar 883 - Veg- og gatelys

1) *Aktivitet i høve vedteke budsjett*

- Aktivitet og disponibel ramme synest å vere i balanse. Vi har ikkje hatt større reparasjonar i vinter, og nokre armaturar er utskifta til LED – som eit prøveprosjekt. Vi har også erstatta dei tilårskomne armatura i skule/barnehageområdet med LED, i samband med anna aktivitet i området.

2) *Prognose for ressursbruk resten av året*

- Regionrådet har gjennomført anbod på utskifting av HQL til LED, det ligg an til kontraktssignering i månadsskiftet, og vi vonar at utskiftinga kjem i gang etter ferien.

3) *Prognose for aktivitet resten av året*

- Avhengig av kraftprisane.

For å sette teknisk sitt budsjett inn eit litt avklarande perspektiv, kan denne relativt informative oppstillinga nyttast:


Den totale ramma for 2013 på 11 222 000 fordeler seg om lag slik:

50 % til løn, pensjon og arbeidsgjevaravgift.

30 % til avskrivning.

13 % til straum.

7 % til vedlikehald, forbruksmateriell, forsikring etc.



Harøy 19.05.13

Kim-André Breivik
leiar for tekniske tenester